


Ang. vedlikehaldsarbeid og asfaltering av kommunal veg til Fureskjegget, Fureskjeggvegen

I samband med asfaltering av kommunal veg på Fureskjegget har gjennom samtale med Egil Gripsgård fått vite at det er ynskje om også asfaltere parkeringsplassen i tunet vårt. Grunngevinga skal vera at dette vil gjere det enklare for kommunen å drifte vegen. Som grunneigarar ynskjer me å kunne leggje til rette for dette.

Parkeringsplassen ligg midt i tunet og vert nytta av bebuarar og besøkande på vår eigedom, og som snuplass for renovasjonsbil, postbod, brøytebil mm. Me har munnleg samtykka til at arealet vert asfaltert, så lenge dette ikkje er til hinder for vår noverande og framtidige bruk av grunnen og drift av eigendoms landbruksareal.


I helger og feriar er det stor utfart til Fureskjegget, utan at det er tilrettelagt noko parkeringstilbod til hyttefolket. Dette medfører mykje ulovleg parkering både på kaien og langs vegen. Ved asfaltering av vår parkeringsplass ynskjer me at dette vert rydda opp i, slik at snuareal og parkeringsplassar vert markert på asfalt. Parkeringsplassane bør skiltast med «parkering for Fureskjeggvegen 71» eller liknande. Sjå kartskisse under



#### Trafikktryggleik

Me opplever ofte at folk køyrer i høg fart på vegen gjennom gardsplassen. Dette skaper trafikkfarlege situasjonar da me har barn, og bygningar på begge sider av vegen. Kaiområdet og vegen ned til det er også aktivt brukt av andre barnefamiljar i området. I samband med gardsdrift er det også naudsynt å krysse vegen med traktor og maskiner, noko som kan skape farlege situasjonar når farta på bilane er høg. Me vonar det difor kan gjennomførast trafikksikringstiltak i samband med arbeidet som no skal

utført på vegen. På vedlagte skisse har me gjort framlegg om plassering av fartsdumt. Alternativ vil skilting med til dømes «gardstun, maks 20 km» kunne ha ei førebyggjande effekt



#### Ekstra aktsemd

Eigendomen inngår i eit heilskapleg kulturmiljø rundt den gamle dampskipskaia på Fureskjegget, og me ber om at det vert tatt spesielt omsyn til dette ved arbeid i området. Vegen delar også landbruksareala på eigendomen i to, og me vonar avkøyringar til gamle traktorvegar vert ivareteke slik at ein kjem til med traktor og maskiner.

Beste helsing Alexander Helle og Julie Tessem, Gnr. 40 Bnr. 7, Fureskjeggvegen 71